



Gallagher

Insurance | Risk Management | Consulting

Etiske retningslinjer for tredjepartar

Gallagher er forplikta til å oppnå dei høgaste standardane for etisk åtferd i forretningspraksisen vår, å opptre med integritet og å overhalda gjeldande lovar, forskrifter og bransjekodeksar. Me forventar at Gallagher Global Network Partners, strategiske leverandørar, produsentar og andre forretningskontaktar, eller agentar som handlar på våre vegne (heretter referert til som "Tredjepartar") til å utvise same høge standard for oppførsel. Vi har eit mål at våre forretningar skal vere etiske og følge lovar og reglar. Det betyr at vi må fylgje praksis og berre arbeide med Tredjepartar som fremjar integritet og rettviss praksis.

Gallagher si satsing på integritet er nedfelt i vår Global Standards of Business Conduct, som gir eit klart sett med standardar og rettleiingar for korleis vi skal drive verksemda vår. Vi forventar at Tredjepartane våre følgjer kjerneprinsippa i Global Standards of Business Conduct (tilgang til [Global Standards](#)).

Desse etiske retningslinjene for Tredjepart angir ein minimumsstandard for forretningsdrifta vi ventar å få frå våre Tredjepartar. Nøkkelstandardane står nedanfor:

- **I samsvar med loven:** Tredjepartar som arbeidar med Gallagher må drive forretning på ein etisk måte og følge alle gjeldande lovar, reguleringar og etiske retningslinjer, inkludert det som er relatert til annonsering og pr-aktivitetar, miljø, arbeidskraft, rettferdig konkurranse og motarbeiding av monopol, konsesjonar, trakassering og diskriminering, anti-korrupsjon og anti-bestikkingar, eksportkontrollar, økonomiske sanksjonar, journalføring og anti-kvitvasking. Desse retningslinjene krev ikkje at Tredjepartar skal gjere noko eller skal avstå frå å gjere noko som er forbode eller straffbart etter gjeldande lover.
- **Menneskerettar:** Tredjepartar skal sikre at dei forstår og handlar i samsvar med alle gjeldande lovar, reguleringar og avtalar når det gjeld arbeid og tilsettingar. Vi har nulltoleranse for bruk av barne-, tvangs- eller kontraktarbeid, eller menneskehandel eller andre sårbare grupper (til dømes ulovlege innvandrarar).
- **Mangfald og inkludering:** Avgjerd om anbod, kontraktar og leiing skal fremje Gallagher sin praksis for å oppretthalde ein arbeidsplass fri for diskriminering som inkluderer å ikkje diskriminere på grunnlag av rase, kjønn, farge, funksjonshemming, nasjonalt opphav, religion, truvedkjening, alder, sivil status, statsborgarskap, seksuell legning, eller andre eigenskapar som er verna av føderale, statlige eller lokale lover.
- **Interessekonfliktar:** Tredjepartar skal ikkje ha interessekonfliktar som øydelegg deira evne til å handle i beste interesse for Gallagher. Ei interessekonflikt er når vurderinga til ein Tredjepart er delt mellom ansvaret ovanfor Gallagher og interesser utanfor, eller når ein tilsett i ein Tredjepart-bedrift handlar for å få eigen personleg vinning eller til fordel for familiemedlemmer eller ein nær ven. Tredjepartar skal unngå ei kvar handling som kan føre til interessekonfliktar. Dette inkluderer å tilby, gi eller refundere ein Gallagher-tilsett eller kontraktør personlege gåver, tenester, personlege reiseutgifter, losji eller annan bustad, tenester av alle slag, flotte måltid eller underhaldning, eller anna av verdi.
- **Rettferdig konkurranse:** Tredjepartar skal respektere alle gjeldande antitrust- og konkurranselover. Tredjeparter skal ikkje delta i urettferdig forretningspraksis, og kan aldri dele konfidensiell informasjon med konkurrentar (inkludert bud, forslag eller strategiar); avtale med konkurrentar for å fikse priser; dele opp eller fikse bud; eller på annan måte avgrense rettferdig konkurranse. Vi forventar at Tredjepartar nektar å ta del i forhandlingar eller ordningar som kan framstå som konkurransehemmande.



- **Anti-korrupsjon:** Gallagher forventar at Tredjepartar ikkje engasjerer seg i nokon form for korrupsjon, bestikkingar og underslag, og kvar av desse handlingane vil føre til umiddelbar oppseiing og moglege rettslege skritt. Tredjepartar skal ikkje tilby eller gi pengar eller andre verdiar til nokon viss situasjonen indikerer at dette er gitt for å få ein konkurransefordel.
- **Gåver og underhaldning:** Det er venta at Tredjepartar skjønar Gallagher sine reglar for gåver og underhaldning før dei tilbyr eller gir tilsette i Gallagher gåver og/eller underhaldning i samband med forretningar. Gallagher rår til å ikkje gi eller ta imot gåver/underhaldning til offentleg tilsette eller andreforretningskontaktar. Når ein arbeider på vegne av Gallagher, kan Tredjeparter gi eller motta gåver/underhaldning av beskjeden verdi viss det er: (a) tillate av lokale lover, forskrifter og bransjekoder; (b) vanlig i forretningsforholdet; (c) sjeldan gitt; og (d) gitt og dokumentert på ein open måte. Tredjepartar skal aldri tilby eller motta gåver/underhaldning viss det kan føre til upassande oppførsel eller skape inntrykk av at det er upassande. Gåver i form av kontantar eller liknande (til dømes gavekort) er alltid forbode.
- **Personvern og konfidensiell informasjon:** Gallagher forventar at Tredjepartar vernar om konfidensiell informasjon og handlar i samsvar med alle gjeldande sikkerheit- og personvernlovar, forskrifter og krav til oppbevaring av register, og sørgjer for at passende tekniske-, organisatoriske- og tryggleikskontrollar er på plass for å sikre konfidensiell informasjon. Tredjepartar skal ikkje bruke, behalde, selje, dele, avsløre, samle, analysere, av-identifisere, anonymisere eller på annan måte behandle Gallagher-data, inkludert personlege data og konfidensiell informasjon, anten i samla eller individuell form for eiga, kommersiell eller anna bruk, utanfor sitt direkte forretningsforhold med Gallagher. Tredjepartar som på vegner av Gallagher samlar inn, får tilgang til eller handsamar personopplysningar som er definert i gjeldande lovgiving, skal ikkje bruke dei til nokon form for marknadsføring eller kombinere dei med persondata dei får frå, eller på vegner av, ein annan person eller som er samla inn frå sine eigne interaksjonar med enkeltpersonar. Desse skal òg forplikte seg til å godta Gallagher sitt tillegg om personvern og tryggleik for data, og kjøpe og oppretthalde ein cyber ansvarsforsikring med ei minstegrense på 10 000 000 dollar per hending/samla, inkludert kostnadar til forsvar, gjennom heile samarbeidet med Gallagher.
- **Revisjon og overvaking:** Gallagher forventar at Tredjepartar aktivt overvakar prosessane sine for å sikre at desse etiske retningslinjene vert heldt. I tillegg reserverer Gallagher retten til å revidere (kontrollere) alle våre Tredjepartar ved behov.
- **Detaljar om varsling:** Hjø Gallagher er vi stolte over å vere sett på som eit av verdas mest etiske selskap. Dersom du veit om noko eller har mistanke om at det har vore brot på våre Global Standards of Business Conduct, ver venleg å seie frå, og rapporter straks dine bekymringar. Vår hjelpelinje for etikk og etterleving vert administrert av eit eksternt firma og er tilgjengeleg 24/7. Anonyme varslingar vert aksepterte:
 - Varsling på nett: <https://gallaghercompliance.tnwreports.com>
 - Gratis hjelpelinje: USA: (888) 878-6236 Utanfor USA: (770) 582-5298